

FOLKORG

ÅRSMELDING

2020

remteozokumentnøkkellNNTYTVFFEGZLWIGP1808JETEM-50308

FOLK Organisasjon for
ORG folkemusikk og
folkedans

Foto framside: Solfrid Nestegard Gjeldokk

Foto bakside: Årets folkemusikar Vegar Vårdal. Foto: Knut Utler

Fotografer: Kjersti Bratås, Liv-Annette Nygjerdet, Thor Hauknes, Knut Utler, Solfrid Nestegard Gjeldokk

Formgjeving: Anbjørg Myhra Bergwitz

Post- og besøksadresse:

FolkOrg
Møllergata 39
0179 Oslo

Nett: www.folkorg.no
E-post: post@folkorg.no
Tlf.: 22 00 56 22

INNHOLD

4 Annleisåret 2020

6 Om FolkOrg

10 Vurdering av måloppnåing

17 Særskilde satsningar for 2020-2021

20 Organisasjonens arbeidsfelt i meldingsåret

20 Kulturpolitisk arbeid

22 Lagsutvikling

24 Tilskotsordningar

26 Arrangørutvikling

28 Utøvarutvikling

29 Kappleikar og festivalar

30 Informasjon

32 Folkemusikk (magasinet)

34 Vedlegg

ANNLEISÅRET 2020

Året 2020 har vore det mest krevjande året for Noreg i etterkrigstida, med unntakstilstand og inngripande tiltak som har prega liva våre. Vi har alle blitt sette på prøve dette året, og spesielt har kulturlivet fått blø. Det vi likar aller best, å samle mange menneske tett saman for felles kulturopplevingar, vart plutselig forbode. Å måtte gå til det dramatiske skrittet å avlyse både Landskappleiken og Landsfestivalen for fyrste gong i fredstid var ei krevjande avgjerd å ta.

Trass i avlyste øvingar, kappleikar, festivalar, konsertar og turnear har folkemusikkmiljøet vist kreativitet. Vi har sett konsertar på nett, konsertar som vi kanskje elles ikkje ville fått med oss. Vi fekk oppleve den fyrste strøymekappleiken i historia. Mange har vore med på speleøvingar, undervisningsfilmar og samanklipte filmar via nett, der artistar frå heile landet har delteke. Det har vore «danse-nerding» på nett. Vi har delteke i prosjektet Hele Norge synger.

Bladet Folkemusikk har gjeve ut tre utgåver med koronafokus. FolkOrg laga ei seks timar direktesending frå Stange, der vi viste noko av den store breidda i miljøet vårt. Folkelarm vart ei 12 timar lang direktesending. Prisutdeling med Folkelarm-prisar, Årets folkemusikar, Årets lokallag, Årets folkemusikkarrangør og vinnar av Gramostipend og tittelen Årets unge folkemusikar vart ei digital sending.

Men alle dei mange og spennande nyvinningar kan aldri erstatte det vi saknar aller mest: å stå tett i tett på konsertar, danse oss svette på festar, tevla på kappleikar og festivalar og møte gode vener i den store folkemusikkfamilien. Vi skulle fylt Operaen med sommarens vinnarar og entusiastiske publikummarar, Riksscenen med artistar frå heile Norden, spel- og dansarlagar skulle øvd saman. Artistane skulle hatt konsertar fjern og nær. Arrangørane skulle fylt opp salane med stolar. Slik vart ikkje annleisåret 2020. Fråværet av kulturaktivitetar og kulturopplevingar det siste året har gjort det ekstra tydeleg kor viktig kultur er for både den psykiske og fysiske helsa vår.

Eit samla musikk- og kulturfelt har jobba saman for å få på plass kompensasjonsordningar, stimuleringsordningar og andre tilskot for å redde eit kulturliv som er i si største krise i nyare tid, og FolkOrg har hatt ei aktiv rolle i dette arbeidet.

Midt under pandemien sette Kulturdepartementet i gang arbeidet med ein strategi for folkemusikk og folkedans. Saman med Norsk senter for folkemusikk og folkedans arrangerte FolkOrg ei rekke innspelsmøte med ulike tema, for å kunne lage eit forslag som skulle vise kva feltet vårt faktisk treng. Vi har no sendt eit langt innspel til Kulturdepartementet, og FolkOrg har store forventningar til Kulturdepartementet sitt arbeid med strategien.

Samarbeidet med Dextra Musica har stimulert til mange gode rekrutteringsprosjekt over heile landet, og dei har gått inn med ytterlegare tilskott til nye rekrutteringsprosjekt for dei neste tre åra. I tillegg har dei etablert ei ordning som skal bidra til å rekruttere og skolere unge musikalske leiarar. Vi er svært takksame for å ha med oss Dextra Musica som sterk støttespelar, slik at feltet får tilgang til ressursar på fleire plan.

FolkOrg er den største folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg. Vi har eit rikt og positivt miljø med aktivitet på tvers av generasjonar og nivå, folk som finn saman i sin kjærleik til folkemusikken og folkedansen. Det unike miljøet vårt skal vere trygt og inkluderande, men vi må diverre erkjenne at ikkje alle opplever det slik. I haust vart det publisert eit opprop om seksuell trakassering i folkemusikk- og folkedansmiljøet, underskrive av mange sentrale aktørar. Dette samfunnsproblemet tek vi sjølvsgatt på høgste alvor, og gjennom god dialog med initiativtakarane, andre organisasjonar og medlemskapen vår i Balansekunst vil vi jobbe for å setje i verk tiltak slik at alle skal føle seg trygge i folkemusikk- og folkedansmiljøet.

Eg vil takke styret og administrasjonen for svært godt samarbeid i dette krevjande året, og rettar òg ein spesiell takk til alle dykk som har bidrege til å halde hjula i gang i folkemusikken og -dansens teikn i ei svært spesiell tid.

**Med beste helsing,
Hilde Reitan
styreleiar i FolkOrg**



OM FOLKORG

STYRET OG ARBEIDSUTVALET

Styret

Hilde Reitan (styreleiar)
 Camilla Granlien (nestleiar)
 Thor Hauknes (nestleiar)
 Thomas Nilssen (styremedlem)
 Kjellbjørn Karsrud (styremedlem)
 Kristian Ihle Hanto (styremedlem)
 Silje Solberg (styremedlem)
 Ole Erik Feragen (1. varamedlem)
 Helene Høyve (2. varamedlem)
 Elin Pehrson Grytting (3. varamedlem)



I meldingsperioden har styret hatt åtte møte, der to møte har vore i Møllergata og resten på Teams på grunn av covid-19-pandemien. Den ekstraordinære situasjonen har krevd fleire møte enn normalt. På møta har styret handsama 75 saker. I tillegg til dei faste medlemmene har første varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver. Styremedlemmer har vore på vitjing til nokre av dei heidersmedlemmene som har fylt rundt år, men covid-19 sette hinder i vegen for nokre slike besøk òg.

Styret eller administrasjonen har vore til stades på årsmøta i åtte av ti områdelag. Av alle årsmøta i områdelaga var sju fysiske og tre digitale/telefonmøte.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har i meldingsåret vore:

Hilde Reitan, Camilla Granlien og Thor Hauknes.

Dagleg leiar har vore sekretær. AU har i meldingsperioden hatt fire møte. Stadig fleire saker blir drøfta med AU per e-post.

Fagutval for yrkesutøvarar har i meldingsåret vore:

Martin Myhr, Britt Pernille Frøholm og Ingebjørg Lognvik Reinholdt.

Fagutvalet har hatt to digitale møte og har elles vore tilgjengeleg for administrasjonen.

Referansegruppe for nettverket for folkemusikkarrangørar

Frå Folkelarm 2018 vart Ellen Persvold frå Jørn Hilme-stemnet, Per Idar Almås frå Førdefestivalen og Ranveig Aas frå TrondheimFOLK valde som ny referansegruppe. Dei vart attvalde under Folkelarm 2019, og det er ikkje gjort nytt val etter det. Men då Ellen Persvold slutta i Jørn Hilme-stemnet hausten 2020, sa etterfølgjaren hennar, Knut Aastad Bråten, seg villig til å ta over fram til nytt møte kan finne stad.

MEDLEMSKAP/MEDLEMSLAG

Medlemstal

FolkOrg hadde 4267 medlemmer pr. 31.12.2020. Det er 103 færre enn i 2019. Av desse er 561 born/unge (t.o.m. 18 år). Det er 67 færre enn i 2019. Sjå meir om utviklinga under måloppnåing.

Medlemslag

Pr. 31.12.2020 hadde FolkOrg:

- 149 lokale medlemslag, det er ein oppgang på fem medlemslag.
- 10 områdelag, som i 2019.

Medlemskap i andre organisasjonar:

FolkOrg er medlem i:

- Norsk musikkråd
- Frivillighet Norge
- Kulturalliansen
- Musikkindustriens Næringsråd
- Balansekunst

Landskappleiken og Landsfestivalen er medlemmer i Norske festivaler. Folkelarm er medlem i Norske Konsertarrangører.

FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den Norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Etnisk Musikkklubb (medstiftar og deleigar)
- Musikkutstyrsordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans
- Kulturalliansen
- European Folk Alliance



HEIDERSMEDLEMSKAPAR

Einar Eimhjellen

vart utnemnd til heidersmedlem i FolkOrg under folkemusikkssendinga frå Stange i oktober. Pr. 31.12.2020 har vi 38 heidersmedlemmer i FolkOrg.

Følgjande heidersmedlemmer gjekk diverre bort i 2020: Karin W. Brennesvik og Kari Margrete Okstad.

ØKONOMI OG REKNESKAP

Rekneskapen for 2020 ligg ved årsmeldinga, med meir detaljerte kommentarar. Rekneskapen for 2020 syner eit overskot på kr 1 070 318 samanlikna med budsjett. Vi legg stor vekt på kostnadskontroll, men i pandemiåret 2020 har det vore vanskeleg å budsjettere, sidan planane stadig måtte endrast og nye, ukjente prosjekt vart sette i gang. Lønnskostnadene står for det største avviket, men vi har også eit stort mindreforbruk på typiske utgifter til fysiske møte og arrangement. Vi arbeider aktivt for å finne alternative finansieringskjelder til beste for medlemmene.

Vi har fått totalt kr 289 106 i gåveforsterkingsmidlar

frå Kulturdepartementet, som resultat av tilskot og gaver frå Dextra Musica og Color Line.

Endring av par. 2 i vedtektene på landsmøtet 2019 (om folkehelse) skulle etter opplyste føresetnader opne for støtte frå Extra-stiftelsen. Undervegs skifta stiftinga namn til Stiftelsen Dam og stramma inn kriteria for søknadsrett. Stiftinga ga så i juli 2020 negativt svar på om FolkOrg kunne gjevast søkerrett på midlar frå stiftinga. Det blei samstundes opplyst, som i 2019, at FolkOrg uansett kunne søkje om midlar i samarbeid med annan organisasjon med innvilga søkerrett.

ADMINISTRASJON

Administrasjonen held til i eit kontorlokale i Møllergata 39 i Oslo. Der er administrasjonen samlokalisert med ei rekke andre musikkorganisasjonar. I 2020 har administrasjonen i stor grad hatt heimekontor.

Tilsette i meldingsåret har vore:


Linda Dyrnes	Dagleg leiar
Jorun Hagen	Kontormedarbeidar
Audun Stokke Hole	Redaktør i bladet Folkemusikk
Liv Annette Nygjerdet	Informasjonsrådgjevar
John Stenersen	Rådgjevar med ansvar for utøvarutvikling og prosjektleiar for Folkelarm
Solfrid Gjeldokk	Rådgjevar med ansvar for lokallag, arrangørar og meisterskonert
Sina Myhr	Rådgjevar for Landskappleiken, Landsfestivalen og lokalkappleikar og rekrutteringsprosjekt

I tillegg har vi tilsett Anne Nilssen i 40 % stilling frå august og ut året.

I administrasjonen var det til saman sju faste årsverk. Dessutan har vi til saman 0,4 årsverk som kan brukast til å leige inn ekstrahjelp og konsulentar når det trengst.

Administrasjonen har i tillegg til det som er nemnt i langtidsplanen, sjølv sagt ei rekke andre oppgåver som tek mykje tid, men som

ikkje alltid er like synlege. Døme på det er fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemssystem, personaloppfølging, sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein organisasjon.



VURDERING AV MÅLOPPNÅING


Måla som er sette i langtidsplanen til FolkOrg, er ikkje alle like enkle å måle. Det er målsettingar som er langsiktige, og som ikkje er av ein slik art at vi kan seie at vi no har oppnådd dei. Det kan vere ei utfordring å finne målemetodar som er objektive, samstundes som dei gjev oss informasjon som er av verdi. Vi har ikkje prioritert å bruke mykje tid på å gjennomføre større undersøkingar, men har valt nokre metodar som kan gje ein indikasjon. I tillegg til konkrete tal vil nokre mål òg bli vurderte kvalitativt. 2020 har vore eit heilt spesielt år; kulturlivet har vore særskilt hardt ramma av konsekvensane av covid-19-pandemien. Difor har både arrangement og øvingar i stor grad vore avlyste. Dessutan måtte administrasjonen i stor grad prioritere om på oppgåvene våre. Måloppnåinga må sjåast i samanheng med det.

FOLKEMUSIKK- OG DANSETRADISJONANE I NOREG STÅR STERKT

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Det er attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans.
- Det er attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar.
- Det er attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.


Målemetodar




*) På grunn av pandemien og avlysing av arrangementa i 2020 og 2021 har vi måtta skyve på arrangørstadene, og vi har difor sett inn dei åra der vi har arrangørar.

Deltaking på Landskappleiken

■ Deltakarar ■ Innslag




Økonomisk resultat - Landskappleiken




*) På grunn av covid-19-pandemien måtte Landskappleiken avlyst i 2020.

Deltaking på Landsfestivalen i gammaldansmusikk

■ Deltakarar ■ Innslag




Økonomisk resultat - Landsfestivalen i gammaldansmusikk



*) På grunn av covid-19-pandemien måtte Landsfestivalen i gammaldansmusikk avlyst i 2020.


Musikkens studieforbund

■ Tal på studietimar i lokallag hos FolkOrg




Musikkens studieforbund

■ Tilskot til lokallag i FolkOrg




Frifond organisasjon

■ Tal på søknader frå lokallag i FolkOrg




Frifond organisasjon


■ Tilsegnssum fra Norsk musikkråd til fordeling i lokallag i FolkOrg



Tal på søknader – Rekrutteringsstønad frå FolkOrg




Tal på søknader – Momskompensasjon




*) Frå 2015 er det berre éin søknadsrunde for FolkOrgs rekrutteringsstønadsordning

Søkjjarar til INTRO-folk



Billettsal Folkelarm



*) Folkelarm vart arrangert digitalt i 2020, utan publikummarar eller delegatar fysisk til stades. Det vart selt 104 billetter, og det vart brukt 55 gratisbilletter. Totalt var det 159 som såg sendinga i heile perioden på to veker.

Oppsummert for målet «Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg står sterkt»

I året 2020 har det rett og slett i liten grad vore attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk- og dans, sjølv om mange har gjort alt dei kan. Det har ikkje vore attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar, sjølv om Ta:lik faktisk klarte å arrangere strøymekappleik og fleire arrangerte strøymekonsertar. Det har heller ikkje vore særleg attraktivt å delta på arrangement og kappleikar, fordi det i liten grad har vore nokon slike arrangement.

På grunn av pandemien har talet på studietimar gått ned med om lag 33 prosent. Det er tilsvarende nedgang som for resten av musikklivet i Noreg. Som ein kompensasjon har Musikkens studieforbund likevel betalt ut tilskot til laga på nivå med 2019. Tilskotet til laga i FolkOrg er faktisk litt høgare enn i 2019.

Hausten 2020 stod ei rekke personar frå folkemusikk- og folkedansmiljøet bak eit opprop mot ukultur og seksuell trakassering i Aftenposten. Seinare var det også eit intervju med same tema i GD. FolkOrg har svart på oppropet både i Aftenposten og i GD. Vi har hatt møte om temaet saman med Norsk senter for folkemusikk og folkedans og NU. Dessutan har vi sett i gang arbeidet med å ta Balansemerket. FolkOrg tek problemstillinga på høgste alvor og kjem til å ha søkjelys på det framover. For at det skal vere attraktivt å vere ein del av miljøet, er det viktig at alle opplever det som trygt.


FOLKEMUSIKKEN OG -DANSEN I NOREG ER KJEND OG SYNLEG NASJONALT OG INTERNASJONALT

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Auka interesse for og kunnskap om folkemusikk og -dans
- Auka omtale og bruk av folkemusikk og -dans

Målemetode

Tal på abonnentar av bladet Folkemusikk



*) Folkemusikk var ein del av innkjøpsordninga for bibliotek fram til og med 2019. Ordninga vart avvikla frå 2020. Det førte til ein nedgang på 411 abonnement. Frå 2021 er vi med i ei subsidiert ordning for abonnement til bibliotek.

Då covid-19 førte til at både Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart avlyste, nytta FolkOrg høvet til å lage meir innhald på nett for å fremje sjangeren. Vi laga mellom anna ei seks timars direktesending. Sjå meir om desse tiltaka under «Informasjon».

FOLKORG ER EIN VIKTIG RESSURS PÅ FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSFELTET

Indikatorar på oppnåing av målet:


- Vi skal nytte og synleggjere kompetansen og erfaringa til medlemmene
- Det er attraktivt å vere medlem i FolkOrg.
- FolkOrg er ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør
- FolkOrg er ein attraktiv samarbeidspartnar.

Målemetodar

Tal på medlemmer totalt




Tal på lag i FolkOrg



Tal på medlemmer

■ Born/unge ■ Yrkesutøvarar



*) Registreringa av yrkesutøvarar hadde ikkje byrja

Kvalitative vurderingar:

- Vi har arrangert ei rekke temamøte med medlemmer for å førebu innspel til «Strategi for folkemusikk og folkedans». Det var stort engasjement blant medlemmene.
- Vi har arbeidd for å få inn informasjon frå ulike medlemsgrupper i samband med arbeid for å få på plass kompensasjonsordningar for kulturfeltet under pandemien. Svarprosenten frå medlemmene kunne med fordel vore høgare.
- Vi har vore aktive når det gjeld å levere høyringsinnspel og delta i ulike høyrings- og innspelsmøte som departementa og Stortinget har arrangert. Både familie- og kulturkomiteen og politisk leiing i Kulturdepartementet er godt kjende med FolkOrg.
- Vi er med i ei rekke samarbeidsforum og samarbeidsprosjekt både innanfor og utanfor folkemusikkmiljøet. Døme på det er Arrangørforum, samrådsmøte for folkedans, folkemusikksenter, Frivillighet Norge, Norsk musikkråd, Kulturalliansen, Norsk Senter for folkemusikk og folkedans, Musikkindustriens næringsråd og Balansekunst. Det har vore ekstra viktig å arbeide saman i slike samarbeidsforum no under pandemien. Det er viktigare å få på plass gode løysingar saman enn at kvar enkelt organisasjon skal bli profilert.
- Saman med fleire andre har vi arrangert debatt om statsbudsjettet.
- Det har vore vanskelegare å vere synleg i ei tid der ein ikkje kan møtast fysisk.
- FolkOrg har hatt ein nedgang på 103 medlemmer samanlikna med 2019. Talet på born og unge har gått ned med 67. 2020 har vore eit heilt spesielt år der det ikkje har vore landskappleik eller landsfestival i gammaldansmusikk, og store delar av året kunne ein ikkje ha øvingar i laga. Vi har frykta ein endå større nedgang i talet på medlemmer, men nedgangen blant born og unge er likevel bekymringsfull, ikkje minst fordi pandemien vil prege aktiviteten både i laga og i rekrutteringsprosjekt også i store delar av 2021.



SÆRSKILDE SATSINGAR FOR PERIODEN 2020–2021

REKRUTTERING	INFORMASJON / FORMIDLING / DOKUMENTASJON
<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal arbeide for eit vidare samarbeid med Dextra Musica. • Vi skal syne fram døme på samarbeid mellom lag, kulturskole og rekrutteringsprosjekt. • FolkOrg skal, saman med områdelag og lokallag, jobbe for å rekruttere tidlegare aktive medlemmer inn att i laga. • FolkOrg skal gje lokallag og områdelag meir kunnskap om korleis ein skriv gode søknader.. 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal arbeide for at sjangeren blir meir synleg. • Vi skal vise fram den mediedekninga folkemusikken og folkedansen i Noreg får. • Vi skal byrje å planlegge ei større markering av at FolkOrg/ Landslaget for Spelemenn er 100 år i 2023. • Vi skal arbeide for å dokumentere Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldans ved å samarbeide med andre aktørar på feltet.
FOLKEDANS	DET PROFESJONELLE FELTET
<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal i samarbeid med laga få opp talet på dansearrangement, få oversikt over instruktørar og rekruttere fleire instruktørar og dansarar. • Vi skal saman med samrådsmøtet for folkedansen arbeide for å få til ei bachelorutdanning i scenisk folkedans. • Vi skal gjere aktuelle støtteordningar kjende. 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi vil bidra til at folkemusikarar og folkedansarar får fleire jobbar, gjennom å etablere portalen folkartist.no. • Vi skal arbeide for ei meir rettviss TONO-ordning for folkemusikksjangeren. • Vi skal arbeide for at fleire av medlemmene våre søker tilskot frå ordningar som m.a. Norsk kulturråd og Music Norway.

OPPNÅING AV MÅL FOR DEI SÆRSKILDE SATSINGANE:

Rekruttering

Dextra Musica har sidan 2016 gjeve FolkOrg økonomisk stønad til rekrutteringsarbeid for barn og unge. I 2020 fordelte FolkOrg midlar til 14 ulike rekrutteringsprosjekt fordelte over store delar av landet. I 2020 søkte FolkOrg også Dextra Musica om stønad for tre nye år og fekk innvilga heile 5,4 millionar i stønad. Noko av midlane skal gå til eit nytt treårig rekrutteringsprosjekt med namnet «Unge musikalske leiarar», med oppstart hausten 2021.

FolkOrg har gjeve fleire lokallag rettleiing og hjelp til

å skrive søknader til stønadsordningar som Frifond kompetanse og aktivitet og Kulturtanken. Vi har også reklamert for ulike stønadsordningar i kanalane våre.

Idébank for samarbeid mellom kulturskular og lag ligg ute på nettsidene våre. Vi skal arbeide meir med å ta erfaringane frå dei ulike rekrutteringsprosjekta inn i idébanken, slik at dette blir ei ressurside med langt fleire døme og idéar som endå fleire kan dra nytte av.

Info / synlegheit / formidling

2020 har vore eit spesielt år for oss alle, med avlysing av dei store arrangementa våre, Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk. I eit normalår gjev desse arrangementa vanlegvis mykje merksemd i media. Difor har det i år vorte naudsynt å freiste å tenkje annleis.

I meldingsåret har vi lagt vekt på sosiale medium og freista å følgje med på aktivitetar rundt omkring i landet for å spreie informasjon og nyheitsstoff vidare gjennom kanalane våre. Vi har fått laga fleire mindre videofilmar tilpassa sosiale medium der dyktige utøvarar har stilt opp til intervju og lært bort ein slått. Desse filmene har hatt god spreing i sosiale medium.

Vi har òg fått laga ei eiga seks timars lang direktesend folkemusikksending der vi både hadde opptak frå ulike stader i landet og musikk og intervju av og med folkemusikarar i studio.

På grunn av pandemien vart Folkelarm avvikla som ei digital sending. Det gav oss moglegheit til å sende Folkelarm-konsertane rett inn i heimen til folk, og difor nådde vi langt fleire enn vi ville ha gjort med ei vanleg Folkelarm-helg. Det same gjeld utdeling av Folkelarm-prisane; vi fekk i større grad framheva prisvinnarane både gjennom auka pressedekning

om kvar enkelt vinnar, og ved at vi fekk ein fin og samansett film av prisutdelinga. NRK har synt fleire folkemusikk-konsertar, har vist fleire innslag med folkemusikk som har vore sende tidlegare, og laga også ei sending basert på Folkelarm-artistar i samband med Folkelarm 2020.

Vi er glade for all merksemd folkemusikken får i media, det gjeld både lokale medium og regionale/nasjonale medium. Vi freistar å følgje opp alt som blir skriva, anten ved å dele det i sosiale medium eller å følgje opp med artiklar på eigne nettstader, folkorg.no. Magasinet Folkemusikk tek òg opp mange saker frå andre medium.

Vi byrja å planleggje ei større markering av 100-årsjubileet alt før landsmøtet i 2019, og har arbeidd vidare med det. Hausten 2019 hadde vi møte med dåverande kulturminister Trine Skei Grande om jubileet og om å la 2023 få offisiell status som «Folkemusikkens og folkedansens år». Etter møtet søkte vi om slik status. September 2020 fekk vi avslag på søknaden. Vi klaga på avgjersla, men i november fekk vi nytt avslag. Vi arbeider vidare med den saka.

Parallelt med det arbeidet har vi vore i kontakt med ei rekke andre kulturorganisasjonar for å høyre kva eit «Folkemusikkens og folkedansens år» kan bety for

dei. Vi fekk mange positive tilbakemeldingar og idear frå dei.

Dokumentasjon av Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk har ikkje vore

så aktuelt i 2020, men i 2019 fann vi ei løysing på musikkdelen av tevlingane. Vi gjer opptak av lyden rett frå miksebordet. Vidare har vi ei skriftleg avtale med Nasjonalbibloteket om at dei tek hand om oppnatta i etterkant og sikrar forsvarleg oppbevaring.

Folkedans

Arbeidsfeltet folkedans omfattar deltaking i samrådsmøte for folkedans saman med mellom andre NU, SFF og dei ulike dansekompania. Hovudmålet til samrådsmøtet har dei siste åra vore å arbeide for å etablere ei bachelorutdanning i scenisk folkedans. Vi ser no resultat av dette arbeidet, då scenisk folkedans blir etablert som eit tilbod på USN avdeling Rauland frå hausten 2021 eller 2022.

Samrådsmøtet hadde eit møte hausten 2020 der innspel til «Strategi for folkemusikk og folkedans» vart diskutert frå eit folkedansperspektiv. Tankane frå dette møtet vart spelte inn til organisasjonane,

som sende inn egne innspel, og målet var å sikre at folkedansen fekk ein tydeleg plass i fleire av innspela.

Arbeidet med utøvar katalogen folkartist.no er framleis under utarbeiding, og katalogen skal også innehalde ei oversikt over instruktørar.

På slutten av året 2019 vart det gjort ei tildeling som skulle gå til dansearrangement i 2020. Diverre har dei færreste fått gjennomført dei planlagde arrangementa, men tildelingane frå 2019 kan nyttast i 2021.

Det profesjonelle feltet

Arbeidet med portalen folkartist.no held fram og blir ferdigstilt i 2021.

Gjennom det internasjonale nettverket vårt har vi diskutert ulike prosjekt. Både Showcase Scotland og English Folk Expo ønskjer å ha oss som partner. Dette må vurderast ut frå marknadsverdi og kostnad. Mest aktuelt er nok Showcase Scotland i 2023.

På Folkelarm har vi hatt eit digitalt delegatprogram med internasjonale delegatar. Vi arbeider heile tida for å finne dei beste internasjonale delegatane og for å få fleire norske delegatar utanfor kjernen av folkemusikkarrangørar til å kome på Folkelarm.

Vi har ei arbeidsgruppe som jobbar med problemstillinga kring utbetaling av TONO-vederlag for bruk av tradisjonsmateriale. Medlemmene i gruppa er Tellef Kvifte, Åshild Vetrhus og Karl Seglem. Vi har hatt nokre møte i gruppa. Arbeidet held fram i 2021. Vidare har vi fått utarbeidd ein rapport om TONO og tradisjonsmusikk av professor i opphavsrett Olav Torvund. Det har vi gjort i samarbeid med Norsk musikkråd, Riksscenen, Noregs Ungdomslag og Leikarringen BUL Oslo.

Vi orienterer gruppa av yrkesutøvarar om aktuelle tilskotsordningar.

ORGANISASJONENS ARBEIDSFELT I MELDINGSÅRET

KULTURPOLITISK ARBEID

Det kulturpolitiske arbeidet i FolkOrg i 2020 har i tillegg til dei vanlege sakene vore sterkt prega av «Strategi for folkemusikk og folkedans», og av kompensasjons- og stimuleringsordningar til kulturfeltet som ei følge av covid-19-pandemien.

Strategi for folkemusikk og folkedans

Kulturdepartementet kunngjorde i juni at dei skulle byrje arbeidet med ein strategi for folkemusikk og folkedans. Innspelsfrist til strategien var 30. november. Saman med Norsk senter for folkemusikk og folkedans tok FolkOrg initiativ til ei rekke innspelsmøte med ulike tema, der vi inviterte dei ulike delane av folkemusikk- og folkedansfeltet i Noreg til å kome med innspel om kva dei meinte var viktig å spele inn frå feltet. På bakgrunn av dette laga FolkOrg eit grundig innspel som vi sende inn. I tillegg sende eit samla folkemusikk- og folkedansfelt eit overordna dokument med punkt alle var samde i. Vi deltok dessutan på Kulturdepartementets innspelsmøte om strategien i Trondheim og heldt innlegg der. Vi valde å bruke mykje tid til dette arbeidet hausten 2020.

Arbeid knytt til covid 19-pandemien

Då Noreg måtte stenge ned 12. mars, fekk det store konsekvensar for kulturlivet, og det har det framleis. Det var difor avgjerande å få på plass økonomiske hjelpemiddel. I den samanheng var det viktig at musikkfeltet snakka med ei stemme. FolkOrg har arbeidd med dette gjennom Norsk musikkråd, Musikkindustriens næringsråd, Creo, Kulturalliansen, Norske konsertarrangørar og Frivillighet Norge. Vi har kome med innspel og utfordringar frå medlemmene våre, støtta felles innspel o.a. Dessutan har vi vidareformidla informasjonen, som har vore enorm i denne tida. Musikkfeltet har verkeleg vist at dei kan tale med ei stemme, og vi har vore heldige med å ha gode talspersonar for heile musikkfeltet.

Statsbudsjettet

Saman med Arrangørforum sende vi i februar inn innspel til arbeidet med statsbudsjettet. I innspelet la vi vekt på desse hovudpunkta:

- Oppretting av regionale kulturfond, der både frivillig og profesjonelt kulturliv er målgruppe.
- Auke arrangørstøtteordninga i Norsk kulturråd med 10 millionar kroner.
- Forenkling av artistskatten for utanlandske artister gjennom:
 - o Alle ledd i rapportering av artistskatten må gjerast elektronisk via Altinn.
 - o Artistskatten må kunne betalast inn samla i terminar/ kvartal.
 - o Honorar på under kr 10 000 pr. musikar blir fritekne for artistskatt.
- Etablere ei vederlagssubsidiering for det frivillige arrangørfeltet
- Styrke driftstilskota til nasjonale musikkorganisasjonar.
- Styrke Kulturrom.

Vi leverte innspel til regjeringas framlegg til statsbudsjett der vi hadde merknader til desse punkta:

- Covid-19 og kulturbudsjettet:
 - o Bra med vidareføring av ekstraordinære covid-tilskot til kulturfeltet i 2021, som t.d. stimuleringsordningar, 100 ekstra kunstnarstipend, og ekstra ordning til institusjonar som har falle utanfor stimuleringsordninga. Den ordninga kom m.a. Riksscenen til gode.

- o Krav om vidare kompensasjonsordningar for kulturfeltet også i 2021, både til arrangørar og til frilansarar og sjølvstendig næringsdrivande.
- Rydding i postar:
 - o Vi har i mange år arbeidd for å få flytta driftstilskotet til m.a. FolkOrg frå Kulturfondet, og vi gav innspel om at det var positivt at det låg inne i budsjettforslaget for 2021.
 - o Vi kommenterte vidare at ikkje alt som var flytta over til ny post 74 i Kulturrådet, var like heldig og logisk, som t.d. tilskota til Music Norway og dei andre eksportkontora på kulturfeltet.
- Momskompensasjon:
 - o Vi har rosa regjeringa for å ha auka tilskota til momskompensasjon til det frivillige feltet, men samstundes kommentert at vi treng ein full og rettighetsbasert momskompensasjon.
- Lokale til frivillig kulturliv:
 - o Bra med tilskot til Kulturalliansen og Norsk musikkråd for å kartlegge lokale for det frivillige kulturlivet.
 - o Det trengst pengar til utbetring og investering i desse lokala. Det kan m.a. gjerast ved å styrke Kulturrom.
- Mangfald:
 - o Bra med arbeid med mangfald, men viktig å inkludere arbeid med folkemusikk og folkedans i det, fordi det er relativt få nordmenn som er kjende med tradisjonane sine.
- Barne- og ungdomskultur:
 - o Viktig at born og unge i Noreg blir kjende med sin eigen kulturarv.
- Satsing på dansefeltet:
 - o Viktig å få i gang ei bachelorutdanning i utøvande folkedans på Universitetet i Sørøst-Noreg, avdeling Rauland.
- Auke budsjetta for kultur i Utanriksdepartementet.
- Gode nyhende:
 - o Tilskot til hardingfela.no

- o Tilskot til Norsk senter for folkemusikk og folkedans for å digitalisere opptak.
- o Vi ber om at det blir sett i gang eit arbeid med ei stortingsmelding for musikkfeltet, for å sjå feltet under eitt.

Vi sende skriftlege innspel til Familie- og kulturkomiteen, Forsvars- og utanrikskomiteen og Arbeids- og sosialkomiteen. I tillegg til å levere innspel var vi til stades digitalt og kom med innspel i budsjetthøyringane i både familie- og kulturkomiteen og utanriks- og forsvarskomiteen i Stortinget. Vi arrangerte debatt om kulturbudsjettet i samarbeid med Arrangørforum, Kulturalliansen Kulturrom, Kunstnernetverket og Balansekunst. Debatten vart send digitalt.

Høyringar

Vi har sendt høyringsinnspel om desse sakene:

- Ny opplæringslov
- Strategi for kultureksport
- Ulike kompensasjons- og stimuleringsordningar for kulturfeltet som ei følge av covid-19-pandemien.
- Revidert nasjonalbudsjett

Anna kulturpolitisk arbeid

- Arendalsuka vart avlyst på grunn av covid-19-pandemien.
- Vi har sendt klage til Kulturdepartementet på avslag på søknaden om at 2023 skal få offisiell status som «Folkemusikkens og folkedansens år».
- Etter eit opprop frå delar av feltet om utfordringar med ukultur og seksuell trakassering har vi skrive kronikkar, bestemt oss for å ta Balansemerket, oppdatert informasjon og delteke på diskusjonsmøte om temaet.
- Vi arbeider for å få representantar frå folkemusikkmiljø inn i styre og utval der det er viktig å få fram vårt perspektiv.

LAGSUTVIKLING

Informasjonsarbeid

Det blir kontinuerleg sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar til lokallag og områdelag i form av e-post, innlegg på Facebook og artiklar på heimesida.

Covid-19

Vi har hatt kontakt, både fysisk og pr. telefon og e-post, med mange av lokallaga og områdelaga i organisasjonen. Det er lagt ned mykje arbeid i å samle relevant informasjon kring covid-19-pandemien for det frivillige feltet og å vidareformidle dette til lokallaga og medlemmene våre. For FolkOrg har det vore viktig å følgje med på informasjon om m.a. smittevern kring lagsøving, stønadsordningar, opplærings situasjonar, konsertarrangering og arrangementsgjennomføring.

All denne informasjonen har vore samla på ei eiga korona-side for lokallag på FolkOrg sine nettsider. Dette har vore eit kontinuerleg arbeid som har gått føre seg frå mars 2020, og som framleis er like aktuelt. Andre relevante arbeidsområde har vore rådgjeving om arbeidet i lokallag/områdelag, søknadsskriving og stønadsordningar, rekruttering, interne utfordringar og mykje meir.

Årets lokallag

Prisen til årets lokallag vart delt ut for niande gong i 2020 i samband med den digitale prisutdelinga for folkelarmprisane i desember. Lokallaga er ryggrada i organisasjonen og syner stor aktivitet, og det er mange lag som fortener heider for arbeidet sitt med folkemusikken og folkedansen. FolkOrg ønskjer å løfte fram det gode arbeidet som lokallaga gjer, gjennom mellom anna å dele ut prisen for «Årets lokallag». Dei nominerte til prisen for Årets lokallag 2020 i FolkOrg var: Folkedanslaget Springar'n, Setesdal Spelemannslag og Øystre Slidre spel- og dansarlag. Alle desse laga har gjennom mange år gjort eit solid arbeid i laget gjennom

rekrutteringsarbeid, arrangement og godt frivillig arbeid.

Vinnaren av Årets lokallag får kr 10 000, og i 2020 vart Setesdal Spelemannslag tildelt denne vel fortente prisen.

Setesdal spelemannslag vart skipa i 1930 og er eit lag med lange og rike tradisjonar. Setesdal har ein rik folkemusikk- og folkedanstradisjon, og spelemannslaget har fostra fleire markante folkemusikarar og folkedansarar som både har vore viktige inspirasjonskjelder i laget og sterke ambassadørar for setesdalstradisjonen.

Setesdalskappleiken blir arrangert kvart år i august, og spelemannslaget arrangerer konsertar, kurs og folkemusikkpubar og «jolepub» kvart år. Ungdomsgruppa 'Sæbyggjan' består av både kvedarar, dansarar og spelemenn som er aktive i og rundt spelemannslaget, både på kappleikar og på ulike oppvisningar.

Setesdal Spelemannslag har sidan 2012 arbeidd med å få setesdalstradisjonen inn på UNESCOs verdsarvsliste for immateriell kulturarv. Målet bak arbeidet har vore å bevare og overføre kulturarven til framtidige generasjonar og å hindre at folkemusikken, stevkunsten, dansen og slåttespelet skal gå tapt. I desember 2019 vart søknaden innvilga, og setesdalstradisjonen vart det første norske bidraget som er ført opp på UNESCOs verdsarvsliste over immateriell kulturarv.

Besøke lokallag og områdelag

Normalt blir fleire av årsmøta i områdelaga lagde til regionale kappleikar, noko som gjer at ein òg får høve til å treffe mange representantar frå dei ulike lokallaga. Den pågåande pandemien sette ein stoppar for både lagsaktivitet, arrangement og møteverksemd frå mars 2020, og det har difor ikkje vore like lett å få besøkt lokallaga som tidlegare, i alle fall ikkje med fysisk oppmøte. Likevel har det

blitt gjennomført arrangement, tevlingar og møte, både før og etter nedstenginga i mars, og det har vore høve til å møtast både fysisk og digitalt.

I meldingsåret har FolkOrg vore til stades på åtte av ti årsmøte i områdelaga. Fem av desse vart gjennomførte fysisk, medan tre av dei vart gjennomførte digitalt.

→ Vedlegg: Oversikt over representasjon på årsmøte i områdelag 2020

Gnist-prisen 2020

Gnist-prisen vart oppretta våren 2017 og er ein pris som blir delt ut til eit lag som driv med opplæring i folkedans for barn og unge. Gnist-prisen er på 15 000 kr og skal delast ut årleg til og med Landskappleiken 2021. Formålet med prisen er å støtte lag som jobbar medvite med å skape eit godt læringsmiljø blant born og unge som dansar folkedans.

Gnist-prisen blir vanlegvis delt ut på Landskappleiken, men sidan Landskappleiken 2020 vart avlyst, vart prisen delt ut under FolkOrg si folkemusikkssending frå Atlungstad laurdag 3. oktober.

I 2020 vart Gnist-prisen gjeven til Leikarringen i BUL i Oslo og deira dansetilbod BULder og Brak og TrøBUL.

Leikarringen i BUL i Oslo har dans som det berande elementet i laget og har fleire dansegrupper for dei unge. Ungdommane får sjølv vere med på å setje premissane og er godt støtta av dyktige instruktørar og ei aktiv foreldregruppe. Ungdommane i gruppa dreg på turar til fleire av dei sentrale dansearrangementa i Noreg og er på den måten med på å lage eit godt nasjonalt ungdomsmiljø for både pardans og halling. Gruppa har sjølv vore med på å arrangere ein stor barne- og ungdomsfestival, og med det positive engasjementet er dei med på å halde oppe eit trygt og godt miljø på landsnivå.



TILSKOTSORDNINGAR

Momskompensasjon

Lokallag, områdelag og aksjeselskap kan søkje momskompensasjon gjennom FolkOrg, og i 2020 fekk FolkOrg inn 55 søknader (utanom sentralleddet). FolkOrg sende ein samla søknad på kr 1 728 870 med godkjende driftsutgifter på kr 22 664 371 (inkludert sentralleddet). Utført avkorting av det godkjende søknadsbeløpet var i år 19 prosent for alle ledd som inngår i søknaden. Etter avkorting fekk FolkOrg (sentralleddet) momskompensasjon på kr 528 692, Valdres folkemusikkarrangement AS kr 298 638, områdelaga (åtte lag) kr 132 546 og lokallaga (45 lag) kr 440 225. Til saman var kompensasjonen på kr 1 400 101 (inkl. sentralleddet).

→ Vedlegg: Oversikt over momskompensasjon 2020

Frifond organisasjon

FolkOrg fekk i 2020 tilsegn om kr 545 331 til utdeling gjennom Frifond organisasjon frå Norsk musikkråd. Det kom inn 19 søknader, og 18 søkjarar fekk innvilga stønad.

→ Vedlegg: Liste over mottakarar av tilskot frå Frifond organisasjon 2020

Rekrutteringsstøtte

Gjennom FolkOrg si rekrutteringsstøttsordning blir det årleg delt ut pengar til særskilde rekrutteringstiltak i FolkOrg sine lokallag. Søkjarar kan vere lokal- og områdelag som er medlemmer i FolkOrg, eller andre som arbeider aktivt for rekruttering til laga. I 2020 kom det inn 16 søknader, der 14 fekk innvilga stønad. Det vart delt ut totalt 100 000 kr.

→ Liste over mottakarar av tilskot frå rekrutteringsstøtta ligg ved denne årsmeldinga.

Danseaktivitet

Gåvemidlar frå Dextra Musica gjev høve til å søkje om gåveforsterkingsmidlar frå Kulturdepartementet, noko FolkOrg har fått innvilga, og delar av desse midlane blir delte ut som tilskot til gode danseaktivitetar. Midlane skal gå til kreative og gode tiltak som fremjar den sosiale dansen. Døme på slik tiltak kan vere dansekurs og dansefestar.

I desember 2019 var det delt ut totalt kr 100 000 til 11 ulike dansearrangement i 2020. På grunn av den pågåande pandemien vart berre to av desse 11 arrangementa gjennomførte i 2020, medan dei resterande ni har blitt utsette. Denne ordninga har difor ikkje blitt lyst ut for året 2021.



Rekrutteringsprosjekt gjennom Dextra Musica

Frå 2016–2020 har FolkOrg fått tildelt til saman 3,9 millionar kroner frå Dextra Musica. Midlane har gått til større rekrutteringsprosjekt innanfor folkemusikk og folkedans i Noreg. I 2020 søkte vi om midlar for ein ny treårig periode og fekk innvilga heile 5,4 millionar kroner. Dei neste tre åra skal midlane fordelast til ulike rekrutteringsprosjekt som tidlegare, i tillegg til å finanisere eit nytt prosjekt kalla «Unge musikalske leiarar». Prosjektet skal starte opp hausten 2021 og skal vere eit tilbod til folkemusikarar mellom 15 og 20 år. Det blir lagt vekt på musikalsk leing av spelemannslag og andre typar ensemble, og målet er mellom anna å gje målgruppa eit godt og inspirerande tilbod som aukar motivasjonen til å halde fram med spelinga og aktiviteten i spelemannslaga i landet.

Frå 2020 til 2021 gjev Dextra Musica og FolkOrg stønad til desse prosjekta:

- Bølingen (Akershus, Oslo og omegn)
- FolkemusikkUNG (Valdres)
- FolkRekrutt (Gudbrandsdalen)

- Fuglen (Rogaland)
- Arvtagerne (Lakselv/Porsanger)
- Morgondagens spelemenn (Bergen)
- Raudan Gull (Møre og Romsdal)
- Ung Halling (Hallingdal)
- TØFT (Sogn og Fjordane)
- SPREK! (Hedmark)
- Spelemannslaget Laust & Fast (Skaun, Orkanger og omland)
- Kulturverkstad: FOLK (Målselv)
- Folkverksted Buskerud
- Osterfolk (Osterøy)

FolkOrg inviterer årleg til seminar om rekruttering. I år vart seminaret arrangert over nett i byrjinga av desember. Seminaret hadde god oppslutning, både av representantar frå dei ulike rekrutteringsprosjekta og av andre som arbeider for, eller er interesserte i rekruttering innanfor folkemusikk og folkedans.



ARRANGØRUTVIKLING

Informasjon og rådgeving

Vi har hatt kontakt, både fysisk og pr. telefon og e-post, med mange av folkemusikkarrangørane i organisasjonen. Det har blitt lagt ned mykje arbeid i å heile tida vere oppdatert på korleis covid-19-pandemien påverkar kulturbransjen og arrangørfeltet, og i å vidareformidle dette til medlemsarrangørane våre. For FolkOrg har det vore viktig å følgje med på informasjon om mellom anna gjeldande restriksjonar for arrangement og arrangementsgjennomføring, stønadsordningar, stimuleringsordningar og smittevern kring konsertarrangering. All denne informasjonen har vore samla på ei eiga korona-side for arrangørar på FolkOrgs nettsider. Dette har vore eit kontinuerleg arbeid som har gått føre seg frå mars 2020, og som framleis er like aktuelt.

Gjennom nettstaden folkorg.no, e-post og Facebook-sida har FolkOrg i meldingsåret kommunisert annan aktuell og relevant informasjon til folkemusikkarrangørane. Ettersom Folkelarm 2020 vart gjennomført digitalt og utan seminar, vart det heller ikkje høve til å arrangere det årlege nettverksmøtet.

Landsmøtet 2019 vedtok at folkemusikkarrangørar no kan bli medlemmer i FolkOrg. Det er eit viktig ledd i arbeidet vi gjer for folkemusikkarrangørane, og det kan vere spesielt nyttig for dei små heilårsarrangørane. Vi har arbeidd med å få arrangørane til å melde seg inn, men 2020 var ikkje eit godt år for det, og så langt har vi berre to arrangørmedlemmer.

Referansegruppa for arrangørar var i 2020 Ellen Persvold (Jørn Hilme-stemnet), Per Idar Almås (Førdefestivalen) og Ranveig Aas (TrondheimFOLK). Desse vart attvalde til 2020. Knut Aastad Bråten tok over som dagleg leiar i Jørn Hilme-stemnet i november 2020 og tok difor over etter Ellen Persvold.

Årets folkemusikkarrangør

Prisen for Årets folkemusikkarrangør har vorte utdelt av FolkOrg sidan 2012 og skal synleggjere godt arrangørarbeid og heidre dei beste arrangørane. Samstundes skal prisen stimulere til dialog, idéutveksling og utvikling på arrangørfeltet.

I 2020 var eit ekstra kriterium ved prisen at han skulle gå til ein arrangør som har vist evne til å skape interesse og entusiasme for folkemusikken i koronatida. Dei nominerte folkemusikkarrangørane for 2020 var Rudi Gard, Ta:lik og Telemarkfestivalen. Prisen på kr 10 000 blir vanlegvis delt ut under Folkelarmprisen på Folkelarm. Folkelarmprisen vart i 2020 send digitalt i desember. Plateselskapet Ta:lik gjekk av med sigeren og fekk utdelt prisen på kr 10 000 digitalt.

Plateselskapet Ta:lik vart stifta i 1999 og arbeider for å løfte fram dei beste utøvarane innanfor den tradisjonelle folkemusikken, i eit hovudsakleg tradisjonelt uttrykk, men også i ei moderne innramming. Ta:lik skipa i 2020 opp til fleire digitale folkemusikkarrangement i tida etter nedstenginga i mars. Dei skipa strøymekonsertar, digitalt gamaldansmaraton og den første digitale strøymekappleiken i verda. Gjennom dette klarte Ta:lik å synleggjere, aktualisere og løfte fram folkemusikken, og delvis folkedansen, sjølv om ein pandemi har gjort det vanskeleg å treffast på dei ordinære møteplassane i miljøet. Ta:lik er ein arrangør som har fått til mange og varierte arrangement i 2020 trass i pandemien. Dei digitale arrangementa deira har fått stor oppslutning, og arrangementa har bidrege til etterlengta folkemusikkaktivitet for publikum.

Deltaking på festivalar, arrangement og reginale bransjetreff

FolkOrg har som mål å få med seg nokre norske folkemusikk- og folkedansfestivalar og -arrangement kvart år, og har vanlegvis representantar frå både styre og administrasjon til stades på fleire festivalar, arrangement, konferansar og friviljugfestar. I 2020 har covid-19-pandemien ført til at dei fleste slike tilstellingar anten har vorte avlyste eller utsette på ubestemt tid.

Arrangørforum

FolkOrg er ein av samarbeidspartane i Arrangørforum. Dei andre partane er Norsk jazzforum, Norske Konsertarrangører, Norske festivaler, Norsk Viseforum, Norsk Bluesunion, Klassisk, nyMusikk og Norsk kulturhus. Arrangørforum samarbeider om kulturpolitisk påverknadsarbeid på arrangørfeltet og driv kompetansedeling. I 2020 har medlemmene i Arrangørforum hatt jamleg dialog i samband med t.d. stønadsordningar og kompensasjonsordningar for kulturfeltet kring covid-19-pandemien.

Arrangørforum har hatt fleire møte i 2020, og spesielt kring arbeidet med «Nasjonal arrangørstatistikk 2019». Dette er ein årleg rapport om festivalar og heilårsarrangørar i Noreg, som tek for seg til dømes organisasjonsform, økonomi, aktivitet, kjønnsfordeling, frivilligheit, publikum etc. Denne rapporten er ein reiskap som gjer det enklare for medlemmene i forumet å samanlikne tal og hente ut statistikkar.

Meisterkonserten i Operaen 2020

Meisterkonserten i Operaen blir vanlegvis arrangert annakvart år, i partalsår. Han blir arrangert samstundes med Folkelarm-helga og er ein festkonsert der vinnarane frå Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk blir inviterte til å opptre. På grunn av situasjonen og restriksjonane kring covid-19-pandemien vart det i juni 2020 bestemt at ein skulle avlyse Meisterkonserten 2020.



UTØVARUTVIKLING

Det har vore lagt vekt på å gje kontinuerleg informasjon om kompensasjonsordningar, relevante kurs og søknadsfristar for feltet, og på oppfølging av viktige kulturpolitiske saker.

Gruppa for yrkesutøvarar

Utøvarar kan melde seg inn i gruppa for yrkesutøvarar i tillegg til å vere vanlege FolkOrg-medlemmer. Med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Pedagogar innanfor feltet og instrumentmakarar blir rekna som yrkesutøvarar i FolkOrg, i tillegg til dei som lever av musikk- og danseutøving. Det er 244 registrerte yrkesutøvarar pr. 31.12.20.

Introfolk 2020

Finalistane i Introfolk 2020 var Malin Alander, Alexander Røynstrand, Mads Erik Odde, Sigrid Stubsveen, Bendik Qvam og Rasmus Kjørstad. Malin Alander måtte melde forfall på grunn av sjukdom. Vinnaren vart Sigrid Stubsveen.

Seminar på Folkelarm 2020

Det var ingen seminar på Folkelarm i år.

Kontakt via sosiale medium

FolkOrg driv forumet «Yrkesutøvarar i FolkOrg» for diskusjon og informasjon på Facebook. Vi driv òg eit tilsvarande forum for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans.

Fagutvalet for yrkesutøvarar

Fagutvalet for yrkesutøvarar hadde eit fysisk møte i 2020, og nokre Skype-møte. Medlemmene var tilgjengelege for rådgjeving og diskusjonar med styret og administrasjonen både via Skype, telefon og e-post. Fagutvalet for yrkesutøvarar er no Martin Myhr, Britt Pernille Frøholm og Ingebjørg Lognvik Reinholdt.

Anna arbeid

Administrasjonen har delteke på seminar på by:Larm for å halde seg oppdatert på tema som er relevante for utøvarane.



KAPPLEIKAR OG FESTIVALAR

Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart avlyste i 2020 grunna covid-19. Avgjersla vart teken av FolkOrg i samråd med dei lokale arrangørane for arrangementa i 2020. Det er første gong sidan andre verdskrig at Landskappleiken er avlyst, og Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart avlyst for første gong i historia.

Landsfestivalen i gammaldansmusikk skulle ha vore på Harpefoss 5.–9. august med Sør-Fron

spelemannslag som lokal arrangør. Dei valde å gi stafett-pinnen vidare til Vågå Trekkspelklubb, som blir lokal arrangør for Landsfestivalen i 2021.

Lokal arrangør for Landskappleiken var Falkeriset Folkemusikklag, Tinn spelemannslag, Gransherad Spel- og dansarlag og Seljord folkemusikklag. Arrangementet skulle vere på Rjukan 24.–28. juni. Hovudnemnda for Landskappleiken 2020 på Rjukan i Tinn fekk vidareført ansvaret for Landskappleiken 2021.

Folkelarm – Riksscenen, Oslo 27.–28. november

Folkelarm er Nordens største bransjetreff for fokemusikk og folkedans. Arrangementet er bygt kring showcasekonsertar på kveldane og seminar på dagtid.

På grunn av koronasituasjonen vart Folkelarm veldig annleis i år. Vi kunne ikkje ha utanlandske musikarar, vi kunne ikkje ha delegatar eller publikum i salen, vi kunne ikkje gjennomføre Folkelarmprisen eller seminar som vanleg. I staden laga vi eit konsertarkiv. Vi strøymde/filma 13 konsertar med norske folkemusikarar og la konsertfilmane i eit arkiv på nettet som vi skal promotere til bookerar i nettverket vårt i Noreg og resten av verda. Artistane får òg konsertfilmane til eige bruk. Vi trur desse godt produserte live-videoane vil hjelpe artistane til å få spelejobbar i framtida. Ingen av artistane hadde nokon proffe live-opptak av eigen konsert frå før. Videoane kan dei sjølv legge på YouTube og eiga nettside og bruke i promotering av eigne prosjekt.

Det vart selt 104 billetter, og det vart brukt 55 gratisbilletter. Totalt var det 159 som såg sendinga.

→ Liste over Folkelarm-artistar er lagd ved denne årsmeldinga.

Folkelarm-prisen

For 14. gong vart Folkelarm-prisen delt ut. Vi spelte inn programleiarane og dei musikalske innslaga på fredagen og klippte det saman til ei sending i etterkant, saman med takketaler og innslag. Prisen vart delt ut i kategoriane dokumentasjon, solo, tradisjonelt samspel, dansespel og open klasse i tillegg til prisen for årets folkemusikar og årets unge folkemusikar. Prisen for Årets folkemusikar gjekk til Vegar Vårdal.

→ Ei liste over andre vinnarar er lagd ved denne årsmeldinga.

NRK Studio 19 – Folkelarm 2020

NRK pleier å lage NRK Folk:LAB frå Folkelarm, men i år vart det ein Folkelarm spesial til programmet «Studio 19», der nokre av Folkelarm-artistane spelte. Programmet vart vist på NRK 2. Det varte i éin time og bestod av konsertar og intervju med artistane. Programmet vart vist 19.12.20.

INFORMASJON

Generelt om informasjonsarbeidet

Alle som arbeider i FolkOrg, arbeider også med informasjon på ein eller annan måte. Alle rådgjevarane i FolkOrg har ansvar for å formidle informasjon frå sine arbeidsfelt både internt og eksternt.

Informasjonsrådgjevaren arbeider med å utvikle organisasjonsarbeidet generelt og har særleg søkjelys på dei arrangementa vi har. Vidare arbeider ho kontinuerleg med nettsidene våre og oppdateringar i sosiale medium. Sentralt i meldingsåret var informasjons- og pressearbeid knytt til koronautbrotet og med dette avlysing av både Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.

Sidan vi gjennomførte Folkelarm digitalt, fekk informasjonsrådgjevaren særskilt arbeid med å

promotere det digitale arrangementet, og med å produsere reklame og pausefilmar. Vi fekk ikkje ei vanleg prisutdeling for Folkelarmprisen i år, og informasjonsrådgjevaren jobba med utdeling av folkelarmprisane, pressearbeid kring prisane og dokumentering av prisvinnarar. Alt vart til slutt sett saman til ein timeslang prisutdelingsfilm. Informasjonsrådgjevaren har òg hatt ansvar for å få laga nokre «lær deg ein leik»-filmar med nokre av solovinnarane frå Landskappleiken og Landsfestivalen i 2019, og dessutan ein film der eit unikt folkesongkor song «No livnar det i lundar» i samband med det nasjonale prosjektet «Hele Norge synger». Informasjonsrådgjevaren var prosjektansvarleg for ei seks timars lang direktesend folkemusikkssending som FolkOrg stod for i oktober.

Folkorg.no

I 2020 hadde folkorg.no 55 099 sidevisingar i 27 002 økter. Det var 17 133 unike brukarar. Det er noko nedgang i bruk av www.folkorg.no frå 2019. Dette kan henge saman med at Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart avlyste i 2020. Nettsida vart mest brukt i perioden mars/april og oktober/november.

Lesarane finn i hovudsak fram til folkorg.no på desse måtane:

Om lag 24 prosent kjem til folkorg.no via dei sosiale media våre, og her er det berre nokre få prosent som ikkje kjem frå Facebook-sida vår. Vi nyttar Facebook-sida til FolkOrg aktivt ved å dele saker som er lagde ut på www.folkorg.no, og dette genererer trafikk.

35 prosent finn nettsida vår via lenkjer på andre nettstader, i hovudsak via våre eigne sider som landskappleiken.no og folkemusikk.no. 41 prosent av brukarane kjem til folkorg.no via søkjemotorar, og dei resterande brukarane går direkte inn på folkorg.no og andre mindre kanalar.

Alle nettsidene vi driftar:

www.folkorg.no
www.folkemusikk.no
www.landskappleiken.no
www.landsfestivalen.no
www.folkelarm.no

Sosiale medium

Vi har FolkOrg-brukarar på sosiale medium og har no sider på Facebook (4373 følgjarar), Twitter (438 følgjarar) og Instagram (1572 følgjarar). Vi har også ein konto på Snapchat som heiter «Folkemusikk Norge». Denne kontoen går på rundgang i landet, og målet er å vise ulike folkemusikk- og folkedansaktivitet rundt omkring. Det er i snitt om lag 450 personar som ser kvar snapp som blir lagd ut. Kontoen har om lag 5000 abonentar. YouTube-

kanalen vår fekk eit oppsving i 2020, vi har våre meir aktive der og ser at det er fleire som byrjar å følge oss. No har vi 392 abonnentar.

Vi har òg tilsvarende kontoar for Folkemusikk, Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. Vi samarbeider med lokal arrangør om å oppdatere kontoane for Landskappleiken og Landsfestivalen.

Folkemusikkssendinga

Som eit tiltak for å gje noko attende til medlemmene våre spesielt, og folkemusikkinteresserte folk generelt, laga vi ei seks timars lang direktesending laurdag 3. oktober. Vi søkte Kulturrådet då dei lyste ut midlar til digitale tiltak våren 2020, og fekk tildelt 200 000 kroner. Med oss på laget fekk vi Stange kommune, Hamar kommune og Løten kommune. Vi er svært takksame for den økonomiske stønaden vi fekk frå desse tre kommunane. I tillegg fekk vi ei økonomisk gåve frå Sparebank 1 Østlandet. Resten av kostnadene til sendinga vart dekt av FolkOrg.

Sendinga bestod av finalespel for finalistane i INTROfolk, i samarbeid med GRAMO, fleire konsertinnslag, besøk av gjestar i studio, utdeling av heidersmedlemskap i FolkOrg, innslag frå ulike stader i landet med meir. Det var filmselskapet Fabelaktiv som stod for det tekniske kring sendinga. Vi fekk om lag 10 000 visningar på filmen frå sendinga i den tida vi hadde filmen offentleg på YouTube-kanalen vår



FOLKEMUSIKK (MAGASINET)

Det er FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans som eig og gjev ut magasinet. Redaktøren arbeider etter Ver Varsam-plakaten og Redaktørplakaten. Magasinet er medlem av Norsk tidsskriftforening og Fagpressen, og redaktøren er medlem av Norsk redaktørforening.

Redaksjonell profil

Folkemusikk er i dag det einaste riksdekkande folkemusikk- og folkedansmagasinet i Noreg. Magasinet er ein viktig premissgjevar for formidlinga av folkemusikk og folkedans – innanfor folkemusikkmiljøet og overfor andre miljø. Bladet blir lese av musikk- og kulturinteresserte over heile landet og har ein sterk posisjon i dei kulturpolitiske og musikkfaglege miljøa i landet, ikkje minst i institusjonane som gjev musikkutdanning.

Audun Stokke Hole har vore redaktør sidan oktober 2014. Han har kontor på Hammersborg torg i Oslo, der heile FolkOrg-administrasjonen held til. Det redaksjonelle språket er nynorsk, og tekstar i bladet er på begge målformer; 45 prosent av tekstene var i 2020 på nynorsk. Tekstane blir språkvaska av Aud Søyland, medredaktør for Nynorsk ordliste.

Redaksjonsråd og satsingar

Redaktøren har eit redaksjonsråd som bidreg til det redaksjonelle arbeidet. Ved utgangen av 2020 består redaksjonsrådet av Audun Grüner-Hegge, Ragnhild Knudsen, Sigrid Randers-Pehrson og Jostein Aardal. Rådet og redaktøren har hatt tre nettmøte i 2020. Rådet blir etter planen styrkt med to eller tre medlemmer våren 2021.

Djupneartiklar har vore ei satsing i 2020, med øyremerkte midlar frå Fritt Ord til artiklar om Rff/Sff og om krisa i folkedansen. Satsinga på folkemusikk- og folkedanskritikk frå 2019 har òg vore følgd opp og har fått Fritt Ord-midlar. I 2020 har vi lansert første sesong av Folkemusikk's podkast, med seks episodar: portrett av Aslak Brimi, Hilde Fjerdingøy og Anne Hytta, eit todelt reisebrev frå «folkemusikkens Grand Prix» i Usbekistan, og ein kritikarsamtale med Carl Petter Opsahl og Kjetil Bjørgan.

Distribusjon

Folkemusikk er i all hovudsak eit abonnementsblad. Ved utgangen av 2020 har magasinet 1209 abonnentar. Kulturrådets innkjøpsordning vart avskaffa frå 2020, og det utgjorde 411 abonnement. Av abonnentane var 263 registrerte som gratisabonnentar og 645 som medlemmer av FolkOrg. 2020 var siste året Folkemusikk vart selt på Narvesen; den nystarta smådistributøren Tekstallmenningen i Bergen har no overteke laussalet av Folkemusikk, og sel òg abonnement.

Folkemusikk var i 2020 del av Kulturrådets støtteordning for tidsskrift og kritikk. Magasinet fekk kr 565 000 over ordninga og var nr. 16 på lista over dei som fekk mest over denne ordninga.

Økonomi

Driftstinntektene til Folkemusikk var i 2020 på 1,28 millionar kronar utanom tilskot frå FolkOrg. Av desse kom 595 000 frå Kulturrådet, kr 325 000 frå abonnement, og kr 274 000 frå annonsesal. Annonsesalet hadde ein oppgang på kr 31 000 samanlikna med førre året. Berre 6,5 prosent av annonseinntektene kjem frå nettsida, resten kjem frå papirmagasinet.

Det var budsjettert med eit tilskot frå eigar på kr 559 000, men på grunn av meirforbruk primært til lønn og honorar vart resultatet at FolkOrg bidrog med kr 726 000.

Samarbeid med Polinor

Folkemusikk er sidan 2019 totalkunde hos Polinor i Drammen. Polinor sel annonsar på provisjon for Folkemusikk, og dei står for formgjeving av alle utgåver av magasinet. Magasinet blir trykt hos trykkeri som Polinor har avtale med i Polen og Baltikum. Polinor ordnar òg med distribusjon til rabattert pris gjennom Bring.

Folkemusikk.no - nettstaden

Redaktøren for Folkemusikk oppdaterer også nettstaden folkemusikk.no. I 2020 hadde nettsida 41 400 sidevisningar, ein nedgang på 12 prosent frå året før. Talet på unike brukarar var 20 875, ein nedgang på 2 prosent.

52,1 prosent av brukarane kom til folkemusikk.no frå søk i søkjemotorar, medan 25,4 prosent gjekk direkte inn på folkemusikk.no. 18,5 prosent kom frå lenker i sosiale medium – ein auke på 50 prosent samanlikna med 2019.

Det har vore brukt lite ressursar på nettstaden sidan han var ny i 2014, og besøket har gått jamt og trutt nedover. Etter planen skal folkemusikk.no få ei monaleg ansiktsløfting i løpet av 2021.

Dei ti mest besøkte artiklane på folkemusikk.no i 2020 (med publiseringsdato):

1. Tett på: Kim Rysstad – etter Stjerneekamp (14.2.2020)
2. Ytring: Folkedans i skolen (frå mai 2018)
3. Om å skrive sangtekster på hedmarksdialekt (frå november 2017)
4. Kva skjer med Nordnorsk folkemusikksamling? (6.2.2020)
5. «Det skulle berre mangle»: distriktsmusikarar i Sogn og Fjordane (28.2.2020)
6. Heilo 40 år: «Alle dei gode kreftane lyt ein gje næring til» (5.9.2019)
7. Tvillingfolk melder den beste jolefolkemusikken (9.12.2020)
8. Meldt: Ronny Kjosen – Bondebohem (27.3.2020)
9. Meldt: Nils-Erik Kvamme & Knut Hamre – Spel slåtten min, Olav (20.4.2020)
10. Heime hos Geir Egil, Einar Olav og Gjermund Larsen (frå juni 2015)

Sosiale medium

Redaktøren oppdaterer òg dei sosiale media til magasinet Folkemusikk, når noko blir publisert på folkemusikk.no og elles til kunngjeringar og litt folkemusikk- og dansenyhende. Ved utgangen av 2020 var det snautt 6 300 personar som hadde lika Facebook-sida til folkemusikk.no. Dei mest populære Facebook-postane til Folkemusikk i 2020 var:

1. Folkemusikks podkast ep. 1 er ute, eit portrettintervju med Aslak Brimi (31.3.2020)
2. Årets første blad er i trykken – kva sak skjuler seg bak framsidebildet? (5.2.2020)
3. Les portrettintervjuet med Kim Rysstad på folkemusikk.no (14.2.2020)
4. Redaktøren tar sjølf med Lisa Halvorsen – les intervjuet i blad 1/21 (8.1.2020)
5. Sogn og Fjordane har flest folkemusikkstillingar. Les meir på folkemusikk.no (28.2.2020)

FOLKELARM 2020

Folkelarmprisen 2020

Vinnarar av Folkelarmprisen 2020:

Kategorien SOLO –

Mads Erik Odde for plata *Logne Slåttar*

Kategorien TRADISJONELT SAMSPILL –

Flottorp/Solberg for plata *Heimespel*

Kategorien DANSESPEL –

Gjevre, Odde & Vårdal for plata *Huskluggumt*

Kategorien DOKUMENTASJON –

Bjarne Herrefoss for plata *Bjarne Herrefoss*
(bok og 2CD)

Kategorien OPEN KLASSE –

Erlend Apneseth for plata *Fragmentarium*

Årets folkemusikar: Vegar Vårdal

Juryen for Folkelarmprisen 2020 var:

Elin Kåven, Jo Einar Jansen, Johanne

Flottorp, Irene Tillung og Stein Magne Eggen

Folkelarmartistar 2020

Haldor Røyne, Zosha Warpeha, Sarah-Jane Summers & Juhani Silvola, Flottorp/Solberg, Marja Mortensson, Susanne Lundeng Trio, Gjevre, Odde & Vårdal, Spring du fela, Bendik Qvam, Moenje, Mattis Kleppen, Morgonrode og Ingebjørg Lognvik Reinholdt

Juryen for showcase 2020

Kristoffer Kleiveland, Sigrid Berg og Vegar Vårdal

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

MOMSKOMPENSASJON 2020

SENTRALLEDD	
FolkOrg	kr 528 962
AKSJESELSKAP	
Valdres folkemusikkarrangement AS	kr 298 638
REGIONALLEDD	
Buskerud Folkemusikklag	kr 15 460
Hedmark Folkemusikklag	kr 19 826
Møre og Romsdal folkemusikklag	kr 7 249
SAFFA	kr 31 278
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	kr 31 054
Telemark Folkemusikklag	kr 9 139
Trøndelag Folkemusikklag	kr 2 785
Valdres folkemusikklag	kr 15 755
LOKALLAG	
Austrheim Musikklag	kr 20 546
Bygdedanslaget i Bjørgvin	kr 2 734
Bygdedanslaget i Hamar	kr 2 174
Byneset spellmannslag	kr 7 597
Bærum Spellemannslag	kr 6 498
Dalsfjorden Spelemannslag	kr 3 394
Eiker Spellemannslag	kr 3 518
Enebakk Spelemannslag	kr 948
Folkedanslaget Sprigarín	kr 4 423
Furuleiken Spell- og danselag	kr 3 658
Gaular Spelemannslag	kr 7 175
Gjøvik spelmannslag	kr 21 495
Glåmos Spellmannslag	kr 10 965
Gol spel- og dansarlag	kr 1 148
Hyen spelemannslag	kr 318
Hæsjtægg Hedmark (#Hedmark)	kr 10 921
Jostedal Spel og Dansarlag	kr 7 590

Kongsberg Spel og Dansarlag	kr 11 937
Leikarringen Noreg BUL Drammen	kr 12 577
Lesja Toraderklubb på 2. rad	kr 7 686
Lom Spel og Dansarlag	kr 18 593
Naustedalen spelemannslag	kr 3 614
Nes Nasjonale Dansarring	kr 2 534
Nordbygda Spel og Dansarlag	kr 4 742
Oppdal Spel og Dansarlag	kr 14 286
Osterøy spel- og dansarlag	kr 4 187
Rauma Spelmannslag	kr 4 994
Romsdals Spelemannslag	kr 4 011
Seljord folkemusikklag	kr 5 607
Skjåk Spel- og Dansarlag	kr 12 568
Småjondølen's Danserlag	kr 5 863
Spelemannslaget De Frilynde	kr 5 370
Spelemannslaget Dâm og Drag	kr 6 106
Spelemannslaget Fjelljom	kr 15 037
Spelemannslaget Laust & Fast	kr 7 029
Spellmannslaget Leik, Hamar	kr 5 291
Søndre Trondhjems Spellmannslag	kr 6 945
Tingelstadringsen	kr 3 776
Trysil-Knut Dans og Spelmannslag	kr 9 378
Unge Folkemusikere i Oslo	kr 11 394
Verdal Juniorspellmannslag	kr 36 851
Vindfylla Spelemannslag	kr 1 278
Voss Spelemannslag	kr 16 214
Vågå Spel- og dansarlag	kr 55 933
Østerdølenes Spellmannslag i Oslo	kr 5 782
Øystre Slidre spel- og dansarlag	kr 9 638
Til saman	kr 1 085 831

FRIFOND ORGANISASJON 2020

Namn	Fordeling 2020		
	Driftsmidler	Prosjektmidlar	Totalt
Gaular Spelemannslag	kr 31 744		kr 31 744
Gransherad Spel- og dansarlag	kr 16 864	kr 8 000	kr 24 864
Hardanger Spelemannslag	kr 24 800	kr 18 000	kr 42 800
Hornindal spelemannslag	kr 7 936	kr 4 000	kr 11 936
Hæsjtægg Hedmark	kr -	kr 12 500	kr 12 500
Kongsberg Spel- og Dansarlag	kr 40 672	kr 12 000	kr 52 672
Lom Spel- og dansarlag	kr 35 712	kr 8 000	kr 43 712
Mukampen	kr -	kr 12 000	kr 12 000
Nes Nasjonale Dansarring	kr 18 848	kr -	kr 18 848
Osterøy Spel- og dansarlag	kr 2 976	kr 18 000	kr 20 976
Småjondølenes dansarlag	kr 23 808	kr 10 000	kr 33 808
Spelemannslaget Dâm og Drag	kr 10 912	kr -	kr 10 912
Spelemannslaget Fjelljom	kr 35 712	kr 12 000	kr 47 712
Spelemannslaget Laust & Fast	kr 19 840	kr 15 000	kr 34 840
Søndre Trondhjems spellmannslag*	kr -	kr -	kr -
Trysil-Knut Dans og spelmanlag	kr 4 960	kr 18 000	kr 22 960
Verdal juniorspellmannslag	kr 24 800	kr 10 000	kr 34 800
Vågå Spel- og dansarlag	kr 45 632	kr 14 000	kr 59 632
Vårflaumen spel- og dansarlag	kr 17 856	kr 10 000	kr 27 856
Sum	kr 363 072	kr 181 500	kr 544 572

*) Oppfyller ikkje krav om min. tre medlem under 26 år.

FOLKORG-PRISAR 2020

Årets lokallag 2020:

Setesdal Spelemannslag

Årets folkemusikkarrangør 2020:

Ta:lik

FOLKORG SI REKRUTTERINGSTØTTEORDNING

Mukampen spel- og dansarlag – 5 000 kr
Hornindal spelemannslag – 6 000 kr
Folkemusikkarkivet i Rogaland – 8 000 kr
Oppdal spell- og dansarlag – 7 000 kr
Nes Nasjonale dansarring – 10 000 kr
Hugnad UL – 5 000 kr
#Hedmark – 5 000 kr
Gransherad spel- og dansarlag – 8 000 kr
Trysil-Knut Dans- og spellmannslag – 7 000 kr
Voss spelemannslag – 10 000 kr
Gjøvik spelemannslag – 7 000 kr
Trondheim Toradergruppe – 7 000 kr
Vågå spel- og dansarlag – 5 000 kr
Telemark folkemusikklag – 10 000 kr

FOLKEMUSIKK

Folkemusikk 2020 var den 79. årgangen til magasinet. Det blei gitt ut fire nummer av magasinet, i snitt på 104 sider (eitt på 96, eitt på 104 og to på 108 sider).

Innhald i magasinet Folkemusikk 2020

Alle blada hadde leiarartikkel, fast kommentar og ytringar; tre blad hadde quiz; eitt blad hadde dikt; eitt blad hadde smånytt (dette held fram i 2021).

Portrett og intervju:

1/20: Lisa Halvorsen, Mette & Vegar Vårdal, Kim Rysstad
2/20: Indra Lorentzen, Kevin Henderson & Annika Westgård, Jorun Marie Kvernberg
3/20: Sverre Jensen, Harpreet Bansal
4/20: Håkon Nystedt & Daniel Herskedal

Reportasjar:

1/20: Nordnorsk folkemusikksamling, Setesdal og Unesco, Setesdal folkehøgskule, Folk Music Academy, samisk på WOMEX, er Frikar nasjonalt dansekompani?

2/20: koronaens konsekvensar, strøymekonsertfenomenet, den samiske sydis-dansen, Nils-Erik Kvamme om Olav Håstabø
3/20: TONO og folkemusikken, Rff og Sff, Riksscenen 10 år, strøymekappleik-enquete, Arktisk Takt med dansefilm
4/20: krisen i folkedansen, enquete om KUDs strategi, pols på Røros, flamsk folkemusikk, dans i korona-tid

Spelemannsbiografiar og minneord:

1/20: Halvor Furuheim og Håkanesgrisen
2/20: Hans O. Prytz og storgardsmusikken, Bjørn Odde
3/20: Salve Austenå, Eivind Groven & Gunnar Dahle, Kari Margrete Okstad
4/20: Truls Ørpen og idealslåtteformene, Kari Brennesvik

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

Fagtekstar, fagintervju, essay o.l.:

1/20: skillingsviser, RøineLangeleik 2.0, Telemark Winter Experience, Frode Fjellheim om joik

2/20: ny A-streng til hardingfela, Kåre Nordstogas orgelfolkemusikk, langeleikdebatt, bøker om Indre Sunnfjord spelemannslag

3/20: kronikk om KUDs strategi, Majorstuen gjennom 20 år

4/20: flatfela på kappleik, Hilme-stemnet 60 år, springdansen i Vestfold

Meldingar i blad:

1/20: Atterljomen, Frode Nyvold, Reolô, Helga Myhr, Rim, Hubros 10-årskonserter

2/20: Flottorp/Solberg, Perleskum, Samuels sanger, Anders Grøthe, Knut Buen, Frikar, Observatoriet, O.M. Sandvik, Stein Versto

3/20: Mads Erik Odde, Mjelva/Jernberg, Isungset, Tradmunnspele, Majorstuen, Spring du fela, Musikkarkeologibok

4/20: Bendik Qvam, Rjukanfossen, Tophøj & Barslund, Gjevve/Odde/Vårdal, Erling Eriksen, Kajsa Balto, Morgonrode, Hjertelskende venner, Kalde Mønster, Riksscenen 10-årsjubileum

Bidragstytarar i Folkemusikk

Bidrag i fire nummer: Sigrid Randers-Pehrson (fast spaltist), Bjørn Aksdal, Gunhild Nyaas, Torkjell Hovland

Bidrag i tre nummer: Aslaug Olette Klausen, Halgrim Øistad, Ida Habbestad, Kjell Bitustøyl


Bidrag i to nummer: Ann-Turi Ford, John Ole Morken, Kjetil Bjørgan, Magnus Andersson, Marianne Lystrup, Tina Kjerland
I tillegg har 29 personar bidrege til eitt nummer kvar i 2020. Totalt har 42 personar bidrege i 2020 i tillegg til redaktøren. Kvinneandelen er 36 %, ein liten nedgang frå 38 % i 2019.

Fotografar i tre eller fire nummer: Audun Stokke Hole, Ingvil Skeie Ljones, Kjell Bitustøyl, Knut Utler, Thor Hauknes
Totalt har 93 personar bidrege med fotografi til Folkemusikk i 2020. I tillegg er det jamleg nytta fotografi frå Spelemannsbladets fotoarkiv, norske aviser, Wikimedia og ulike folkemusikkarkiv, institusjonar og private fotosamlingar.

Illustratør: Øivind Hovland illustrerte to fråmsider og to faste spaltar; Vidar Olaussen illustrerte eigen tekst; ein illustrasjon av Nils Ellingsgard vart nytta i ein leiarartikkel.

Folkemusikk.no

På nettsida blei det i 2020 publisert 46 enkeltsaker (33 av desse eksklusivt for nett). Av sakene var 23 meldingar (av totalt 36 plater, fire sceneframsyningar og to bøker), seks meiningsytringar, seks nyhendesaker og reportasjar, to essay, eitt minneord, fire infosaker om Folkemusikk's podkast og fire om nyslepte magasin.



“Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfald, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og vere ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Thomas Nilssen

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-1538920

IP: 77.16.xxx.xxx

2021-05-26 06:04:55Z



THOR STURE HAUKNES

Styremedlem

Serienummer: 9578-5999-4-1967615

IP: 51.175.xxx.xxx

2021-05-26 06:14:49Z



Silje Solberg

Styremedlem

Serienummer: 9578-5998-4-1100841

IP: 92.220.xxx.xxx

2021-05-26 06:44:50Z



Kristian Ihle Hanto

Styremedlem

Serienummer: 9578-5995-4-55418

IP: 77.18.xxx.xxx

2021-05-26 07:13:20Z



Linda Dyrnes

Daglig leder

Serienummer: 9578-5995-4-65426

IP: 84.215.xxx.xxx

2021-05-26 08:03:02Z



Hilde Marianne Reitan

Styreleder

Serienummer: 9578-5999-4-1614542

IP: 82.147.xxx.xxx

2021-05-26 08:13:10Z



Camilla Granlien

Styremedlem

Serienummer: 9578-5998-4-1425720

IP: 77.106.xxx.xxx

2021-05-26 09:39:32Z



Kjellbjørn Karsrud

Styremedlem

Serienummer: 9578-5999-4-1221135

IP: 46.46.xxx.xxx

2021-05-26 15:37:57Z



Penneo Dokumentnøkkel: NNTYT-VFEEQ-7LEMG-PXB0B-JETEW-503Q6

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>